

Fra: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no>

Sendt: 24.01.2023 16:12:46

Til: Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>

Kopi: Siren B. Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>, Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>, Ann-Jorunn Farestveit <ann-jorunn-f@hotmail.com>

Emne: SV: Nærskuleprinsippet og elevar frå Modalen kommune

Heisann!

Takk for mail. Vi har motteke både vedtaket frå dykk og brevet frå FAU.

Vi har vurdert om det er mogleg å få gjort noko med dette før søknadsfristen og var innstilt på å eventuelt løfte fram ei sak. Det som er utfordringa vår er at alle endringar i inntaksmatrisa krev at det vert sendt på høyring. Ei slik høyring er dessverre ikkje mogleg å få til no før søknadsfristen går ut.

Vi skal i løpet av kort tid gjennomføre ei større evaluering av både nærskulemodellen og inntaksforskrifta, i denne høyringa vil vi gå breidt ut og også invitere alle kommunane til å komme med innspel. Slik at alle nye innspel/forslag om endringar vil kunne komme gjennom denne saka.

Vi stiller sjølvsagt på teamsmøte og er tilgjengeleg om det er ønsker om det.

Beste helsing

Karianne Torvanger (AP)

Utvalsleiar

Hovudutval for opplæring og kompetanse



Mobil: 99 60 64 84

www.vlfk.no

Fra: Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>

Sendt: mandag 23. januar 2023 11:25

Til: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no>

Kopi: Siren B. Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>; Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>; Ann-Jorunn Farestveit <ann-jorunn-f@hotmail.com>

Emne: Nærskuleprinsippet og elevar frå Modalen kommune

Hei.

Viser til e-post sendt fredag 16.12.2022, angående verknader for elevar frå Modalen kommune som søker vidaregåande utdanning.

Modalen kommunestyre har motteke eit brev sendt av FAU ved Mo skule og dette brevet vart handsama i kommunestyremøte torsdag 15.12.

Legg ved brev og vedtak.

Eg ynskjer at dette vert sett på før søknadsfristen for vidaregåande skular går ut, då dette er ei særskild viktig sak for ei lita elevgruppe frå Modalen kommune.

Det kan være greit med eit kort Teams-møte slik at ein kan utdjupe saka litt meir for deg.

Høyrer frå deg.

Ha ein fin dag.

Mvh

Kjetil Eikefet
Ordfører



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 02 | Mob: 47 63 57 09

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.